

OFFENTLEG MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	05.12.2016
Kl.	16:30 – 18.30

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Forfall til møtet:

Aleksander Øren Heen, Sp

Varamedlemmer til stades:

Jon Olav Kvamme, KrF

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteboka frå 23. november 2016 vart godkjend utan merknader.

Munnleg orientering:

Styreleiaren i F1 Holding AS, Jan Øhlckers, orienterte om oppfølginga av transaksjonen med Havilafjord AS og aktuelle anbodskonkurransar. Fylkesutvalet vedtok at orienteringa skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr. 4.

SAK 132/16 Høyring - forslag til endringar i plan- og bygningslova, og ein mindre justering i matrikkellova

VEDTAK:

1. Fylkeskommunen støttar eit obligatorisk krav til å ha planforum. Dette vil vere ei stadfesting av forumet si rolle som arena for god dialog med kommunane og regional stat. Fylkeskommunen ser verdien for kommunane av dialog tidleg i planprosessen.
2. Fylkeskommunen støttar framlegget om at mineralressursar vert ei eiga omsynssone etter § 11-8 tredje ledd bokstav c. Det vil kunne vere eit godt verkty for kommunane for å unngå arealdisponeringar som vil gjere framtidig arealbruk eller ressursdisponering vanskelegare.

SAK 133/16 Flora kommune - Kommuneplan - Arealdel - 3. gangs off. høyring

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet opprettheld motsegn mot FB 32 hyttefelt på Kvalvikneset i Årebrot og ber om at arealføremålet vert teke ut. Gravrøysa (ID55535) er del av eit samanhengande gravrøyssystem av nasjonal verdi.
2. Fylkesutvalet opprettheld motsegn mot SPB 62 der ei gravrøys (ID25844) ligg delvis inne i SPB arealføremålet. Gravrøysa er del av eit samanhengande gravrøyssystem av nasjonal verdi.

SAK 134/16 Regionreforma og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vurderer det slik at den statleg initierte regionreformprosessen anten kan føre til at tal folkevalde fylkeskommunar/regionar vert vesentleg redusert eller til at tal folke-valde fylkeskommunar/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå.
2. Fylkestinget ser det som positivt om tal fylkeskommunar/regionar vert vesentleg redusert. Viss Stortinget gjer vedtak om ein slik reduksjon, er vår fylkeskommune difor positiv til at vi blir ein del av ein større region. Viss Stortinget derimot kjem til at tal fylkeskommunar/regionar skal vidareførast på tilnærma dagens nivå, vil Sogn og Fjordane halde fram, og vidareutvikle seg, som eigen fylkeskommune/region.

3. Fylkestinget sitt **primære standpunkt** – som føreset at Stortinget gjer vedtak om ein vesentleg reduksjon i tal fylkeskommunar/regionar – er at Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland går saman i ein ny region – Vestlandsregionen. Det vert i så måte vist til intensjonsplanen av 15.09.16 og den gjennomførte høyringsprosessen, og særleg då til uttalane frå kommunane.

Fylkestinget vil, med grunnlag i inndelingslova, søkje statleg styremakt om slik samanslåing. Det er ein føresetnad at Hordaland og Rogaland fylkeskommunar søkjer tilsvarande.

Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda i april 2017, jf. inndelingslova § 26. Ein vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

4. Fylkestinget legg intensjonsplanen av 15.09.16 til grunn for ein slik vestlandsregion, med følgjande presiseringar:
- a) Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen må byggje på desentralisering, makt-spreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette må gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre sine oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering må dette prinsippet stå sentralt.
 - b) Det vert lagt til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye regionen.
 - c) Dersom dei nye folkevalde regionane (nasjonalt) får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget kunne fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom staten og regionane.
 - d) Ekspertutvalet som i 2017 skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både samfunnsutviklarrolla og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere godt representerte i nemnde utval.
 - e) Fylkesmannsembetet på Vestlandet må få ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Fylkesmannsembetet må få ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leinga frå Sogn og Fjordane.
5. Fylkestinget sitt **subsidiære standpunkt** – som også føreset at Stortinget gjer vedtak om ein vesentleg reduksjon i tal fylkeskommunar/regionar, men som elles baserer seg på at intensjons-planen av 15.09.16 berre får tilslutning i Sogn og Fjordane og Hordaland – er at Sogn og Fjordane søkjer vidare forhandlingar med Hordaland og ev. også Møre og Romsdal, jf. elles pkt. a.-c.:
- a) I dette tilfelle får det fylkeskommunalt oppnemnde forhandlingsutvalet i oppdrag å søkje og gjennomføre ein ekstra forhandlingsrunde med Hordaland. Desse forhandlingane må vere avslutta i januar 2017, gjennom ekstraordinære fylkesting i begge fylka. Dette føreset at også Hordaland er innstilt på ein slik ekstrarunde, samt at ein på statleg hald aksepterer dette.
 - b) I dette tilfelle, og i framkant av ein slik eventuell forhandlingsrunde, legg fylkestinget til grunn at Sogn og Fjordane og Hordaland på nytt inviterer Møre og Romsdal med på forhandlingar. Slike eventuelle forhandlingar føreset at Møre og Romsdal, innan utgangen av 2016, stadfestar at dei vil vere med å forhandle om ein intensjonsplan med ein

struktur og eit detaljeringsnivå til-svarande planen av 15.09.16. Møre og Romsdal må òg akseptere ei framdrift som gjev grunnlag for nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. Dette føreset at også Hordaland aksepterer ein slik invitasjon.

- c) I dette tilfelle gjeld pkt. 3, 2. og 3. avsnitt, og pkt. 4 tilsvarande, men då tilpassa dei fylkes-kommunar som vert med på ei slik subsidiær løysing.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Med utgangspunkt i den uavklara situasjonen knytt til framtidige oppgåver for det regionale folkevalde nivået går Sogn og Fjordane fylkeskommune inn for at Sogn og Fjordane held fram som eige fylke. Dersom Stortinget vedtek nye oppgåver for det regionale folkevalde nivået i samsvar med krav frå Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune vurdere sin posisjon i ein framtidig regionstruktur på nytt.

For at Sogn og Fjordane skal gå inn i ein ny region må mellom anna fylgjande omsyn ivaretakast:

- a) Sogn og Fjordane skal halde fram som eige valdistrikt til stortingsval
- b) Nynorsk skal vere administrasjonsmål i ein ny region
- c) Verdiane som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i Sogn og Fjordane Energi AS skal bli verande i Sogn og Fjordane.

Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane er positiv til at det vert etablert ein sterk og attraktiv folkevald Vestlandsregion med høg kvalitet i tenestene til innbyggjarane og ei framtidsretta samfunnsutvikling.
2. Fylkestinget legg til grunn at eit fleirtal i Stortinget i handsaming av St.mld. nr 22 tidlegare i år har sagt at det folkevalde regionale nivået skal reduserast vesentleg. Fylkestinget vil at Sogn og Fjordane vert ein del av ein større region, og syner i denne samanheng til intensjonsplanen av 15.09.2016 og den gjennomførte høyrings-prosessen. Fylkestinget syner særleg til dei innkomne uttalane frå kommunane.

Fylkestinget vil , med grunnlag i inndelingslova, søkje statleg styresmakt om samanslåing med grunnlag i intensjonsplanen. Det er ein føresetnad at Hordaland og Rogaland fylkeskommunar søker tilsvarande.
Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda jf. Inndelingslova §26.
Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.
3. Fylkestinget understrekar at det er heilt uakseptabelt å dele noverande Sogn og Fjordane mellom ulike regionar.
4. Fylkestinget legg intensjonsplanen av 15.09.16 til grunn for ein ny vestlandsregion, med følgjande presiseringar:
 - a) Det er ein viktig føresetnad at krava om oppgåver som er fremja i kapittel 10 i Intensjonsplanen vert følgt opp frå sentrale styresmakter både når det gjeld eksisterande og nye oppgåver.
 - b) Den framtidige administrasjons - og tenestestrukturen må byggje på desentralisering, makt - spreining og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette må gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre sine oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering må dette prinsippet stå sentralt.
 - c) Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at Vestlandsregionen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at Vestlandsregionen gjer vedtak om at staten bruker nynorsk til regionen.

d) Dersom dei nye folkevalde regionane (nasjonalt) får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget kunne fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom staten og regionane.

e) Ekspertutvalet som i 2017 skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både rolla som samfunnsutviklar og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere godt representerte i nemnde utval.

f) Fylkesmannsembetet på Vestlandet må få ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Fylkesmannsembetet må få ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

g) Vi syner elles særleg til premissane i intensjonsavtalen sitt kapittel 10, som også er omtala tidlegare i dette vedtaket.

5. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein Vestlandsregion, går fylkestinget inn for at det oppnemnde forhandlingsutvalet for regionreforma får fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om alternativ ny regionløysing: Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løysing.

Slike eventuelle forhandlingar føreset at Møre og Romsdal, innan utgangen av 2016, stadfestar at dei vil vere med å forhandle om ein intensjonsplan med ein struktur og eit detaljeringsnivå tilsvarande planen av 15.09.16. Møre og Romsdal må òg akseptere ei framdrift som gjev grunnlag for nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. Dette føreset at også Hordaland aksepterer ein slik invitasjon.

I dette tilfelle gjeld pkt. 2, 2. og 3. avsnitt, og pkt. 4 tilsvarande, men då tilpassa dei fylkeskommunar som vert med på ei slik subsidiær løysing.

Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda jf. inndelingslova §26. Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

Avrøysting:

Jenny Følling og Sigurd Erlend Reksnes røysta for framlegget frå Senterpartiet.

Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Trude Brosvik, Jon Olav Kvamme, Gunhild Berge Stang og Bjørn Erik Hollevik røysta for punkt 1 i framlegget frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre.

Jenny Følling, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Trude Brosvik, Jon Olav Kvamme, Gunhild Berge Stang og Bjørn Erik Hollevik røysta for punkta 2 til 5 i framlegget frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre. Sigurd Erlend Reksnes røysta mot.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane er positiv til at det vert etablert ein sterk og attraktiv folkevald Vestlandsregion med høg kvalitet i tenestene til innbyggjarane og ei framtidretta samfunnsutvikling.
2. Fylkestinget legg til grunn at eit fleirtal i Stortinget i handsaming av St.mld. nr 22 tidlegare i år har sagt at det folkevalde regionale nivået skal reduserast vesentleg. Fylkestinget vil at Sogn og Fjordane vert ein del av ein større region, og syner i denne samanheng til intensjonsplanen av 15.09.2016 og den gjennomførte høyrings-prosessen. Fylkestinget syner særleg til dei innkomne uttalane frå kommunane.

Fylkestinget vil , med grunnlag i inndelingslova, søkje statleg styresmakt om samanslåing med grunnlag i intensjonsplanen. Det er ein føresetnad at Hordaland og Rogaland fylkeskommunar søker tilsvarande.

Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda jf. Inndelingslova §26. Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

3. Fylkestinget understrekar at det er heilt uakseptabelt å dele noverande Sogn og Fjordane mellom ulike regionar.
4. Fylkestinget legg intensjonsplanen av 15.09.16 til grunn for ein ny vestlandsregion, med følgjande presiseringar:

a) Det er ein viktig føresetnad at krava om oppgåver som er fremja i kapittel 10 i Intensjonsplanen vert følgt opp frå sentrale styresmakter både når det gjeld eksisterande og nye oppgåver.

b) Den framtidige administrasjons - og tenestestrukturen må byggje på desentralisering, makt - spreing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette må gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre sine oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering må dette prinsippet stå sentralt.

c) Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at Vestlandsregionen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at Vestlandsregionen gjer vedtak om at staten bruker nynorsk til regionen.

d) Dersom dei nye folkevalde regionane (nasjonalt) får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget kunne fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom staten og regionane.

e) Ekspertutvalet som i 2017 skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både rolla som samfunnsutviklar og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere godt representerte i nemnde utval.

f) Fylkesmannsembetet på Vestlandet må få ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Fylkesmannsembetet må få ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

g) Vi syner elles særleg til premissane i intensjonsavtalen sitt kapittel 10, som også er omtala tidlegare i dette vedtaket.

5. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein Vestlandsregion, går fylkestinget inn for at det oppnemnde forhandlingsutvalet for regionreforma får fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om alternativ ny regionløyning: Samanslåing av

fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løysing.

Slike eventuelle forhandlingar føreset at Møre og Romsdal, innan utgangen av 2016, stadfestar at dei vil vere med å forhandle om ein intensjonsplan med ein struktur og eit detaljeringsnivå tilsvarande planen av 15.09.16. Møre og Romsdal må òg akseptere ei framdrift som gjev grunnlag for nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. Dette føreset at også Hordaland aksepterer ein slik invitasjon.

I dette tilfelle gjeld pkt. 2, 2. og 3. avsnitt, og pkt. 4 tilsvarande, men då tilpassa dei fylkeskommunar som vert med på ei slik subsidiær løysing.

Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda jf. inndelingslova §26. Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

SAK 135/16 Skriv og meldingar fylkesutvalet 5.12.2016

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

1. Orientering frå F1 Holding AS, sjå nærmare innleiingsvis.
- 2a. Korrespondanse Havilafjord AS
- 2b. Korrespondanse Havilafjord AS
3. Søknad om tilskot til ny veg til Skipavika
- 3a. Søknad om tilskot til ny veg til Skipavika, e-post frå ordførar Hallvard Oppedal

VEDTAK:

Fylkesrådmannen får i oppdrag å førebu ei sak om veg til Skipavika til fylkestinget i april.

-----//-----

4. Omorganisering av revisjonen - møtereferat frå møtet på Skei 11.11.16
5. Pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel
- 6a. Brev til politiet - **ikkje offentleg jf. §24.2. ledd**
- 6b. Brev frå politiet - **ikkje offentleg jf. §24.2. ledd**
- 7: Fylkesrådmannen si oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak 29/16
- 8: Høyrings svar FT-sak 46/16 Revidert forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta
- 9: Budsjett 2017 - økonomiplan 2 017 - 2020 - tilleggsnotat
- 9a. Budsjettavtalen (Stortinget)

VEDTAK:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen tidleg i 2017 om å kome med ei tilråding til justert budsjett 2017 og tilhøyrande økonomiplan (2017 - 20) basert på relevante postar i føreliggjande budsjettavtale mellom regjeringa og samarbeidspartia i Stortinget.

SAK 136/16 Tilskotsordning for hurtigladdestasjoner i Sogn og Fjordane 2016 - 2017 - nytt framlegg

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen held fram med å ta ei koordinerende rolle i å få på plass hurtigladestasjonar i fylket, og bidreg til oppretting av hurtigladestasjonar ved sentrale knutepunkt eller strekningar som ikkje fell inn under ENOVA si støtteordning.
2. Tilskotsordninga vert revidert dersom det frå statleg hald vert gjort endringar i gjeldande støtteordning gjennom ENOVA, eller ved behov når Regional transportplan og Regional plan for klimaomstilling vert vedtatt.
3. Fylkeskommunen bidreg til etablering av hurtigladestasjonen, ikkje til drift og vedlikehald.
4. Maksimal støtte frå fylkeskommunen er kr 100 000 per prosjekt.
5. Ordninga vert finansiert ved at det vert gjev løyve til å disponere restmidlane på klimafond 25699925 der saldoen i dag er kr 680 000. I tillegg må fylkesrådmannen vurdere og ev. følgje opp å søke om støtte frå Miljødirektoratet sine Klimasatsmidlar - dersom kriteria for 2017 opnar for dette.

SAK 137/16 Oppfølging av Gjøa-avtalen

Ikkje offentleg OfI § 23, 1. ledd, økonomi-, løn- og personalforvaltning

Endringsframlegg:

Saka vert utsett til 06.12.16, kl. 09.30.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vert utsett til 06.12.16, kl. 09.30.

SAK 138/16 Fylkesdelplan arealbruk

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3, og forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742), vert «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra» vedteken. Planføresegna erstattar kap. 3.2.4 i gjeldande sjekklister i fylkesdelplan for arealbruk, vedteken 18.11.2000.

Avrøysting:

Jenny Følling, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Trude Brosvik, Gunhild Berge Stang og Bjørn Erik Hollevik røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen.
Sigurd Erlend Reksnes og Jon Olav Kvamme røysta mot.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3, og forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742), vert «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra» vedteken. Planføresegna erstattar kap. 3.2.4 i gjeldande sjekkliste i fylkesdelplan for arealbruk, vedteken 18.11.2000.
